

## Møtereferat

Dato: 13.03.2018

Emne:	<b>Informasjonsmøte om formidlingsplanen for Rallarvegen</b>	
Til stades:	Ingunn Halvorsen (Bane Nor), Ambjørge Reinsnos (Hordaland fylkeskommune), Elizabeth Jan Warren (Hordaland fylkeskommune), Solveig Lohne Rongved (Hordaland fylkeskommune) Ingvild Tjønneland (Buskerud fylkeskommune), Knut Åland (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Marit By (Bane NOR), Ole Erik Almenningen (Bane NOR), Hege Andersen (Bane NOR), Øistein Aasland (Fylkesmannen i Hordaland), Trond Erik Buttingsrud (Fylkesmannen i Buskerud/Hallingskarvet nasjonalpark), Martin Hendriks (Aurland kommune), Trygve Norman (Finse 1222), Rolf Akselsen (Rallarmuseet), Bjørge Eva Aasen (Rallarmuseet), Kjell Magne Tangen (Rallarmuseet), Olav Rondestveit (Rallarmuseet/Ulvik herad) Henning Lirhus (NSB), Lars Præstiin (Ulvik herad), Kristine Skulstad (Vatnahalsen)	
Møtetid:	09.03.2018 kl 10-12	Møtestad: Bane NOR, Aasegården, Bergen

Referent: Ambjørge Reinsnos

Møtet vart opna av Ingunn Halvorsen ved Bane NOR. Det vart gjennomført ein presentasjonsrunde der alle møtedeltakarane kort presenterte seg sjølv. Arbeidet med formidlingsplanen vart så presentert ved arbeidsgruppa. Etter presentasjonen vart det opna for innspel/drøfting. Under er innspela frå møtedeltakarane lista opp. Vi har også mottatt nokre innspel per e-post. Desse er kort oppsummert etter innspela frå møtet.

**Arbeidsgruppa fekk positive tilbakemeldingar på arbeidet så langt, og tilslutning til å arbeide vidare med dei føreslåtte tiltaka.**

Innspel frå møtedeltakarane	Kommentar frå arbeidsgruppa
<b>Generelle innspel</b>	
Ønskeleg at ein tek med ein setning i formidlingsplanen om at ein opnar opp for nye tiltak ved rullering av planen.	Ok, vert sett inn i teksten
Ein bør kan hende trykkje fleire engelske brosjyrar/folderar enn norske, sidan nordmenn forstår engelsk.	Vert drøfta i det vidare arbeidet
Informasjonsskilta bør kan hende også omfatte skilt som fortel når du kjem inn i eit verneområde, kva kommune du er i, osv. Ulike naturområde kan ha svært ulike reglar for ferdsel.	Vert vurdert under arbeidet med informasjonsskilta
<b>Brukargrupper/formidlingsfokus</b>	
Formidlingsplanen skal ikkje vere eit marknadsføringsprosjekt, det skal vera eit formidlingsprosjekt. Fordeling av aktivitet utover vegen og fokus på at ein kan bruke lenger tid på turen heller enn fokus på å få fleire syklistar på vegen.	Ok

<p>Har formidlingsarbeidet fokusert på dei ulike brukargruppene av syklistar? Dette har også innverknad på korleis skilta og brosjyren skal utformast, og korleis informasjonsskilta skal vere.</p>	<p>Arbeidsgruppa har merka seg at det er ulike brukargrupper av syklistar på Rallarvegen. Dette kan framhevast i teksten, og kan drøftast i arbeidet med informasjonsskilta.</p>
<p>Det er fleire og fleire skular som ønsker å sykle Rallarvegen. Bør dette fokuserast på? Rallarvegen er ein villmarkstur på sykkel, mtp vær og vind, og tilstanden på vegen. Viktig å informera om dette, kanskje særleg til skuleklassar. Det tek også lenger tid å sykle på Rallarvegen enn det tek å sykle på andre sykkelveggar. Her er type sykkeldekk også eit sentralt moment. Ein viktig bodskap er at dette er ei av Noregs tøffaste sykkelruter, og ein må kle seg som om ein skal på fjelltur. Kwart år er det syklistar å vegen som er for dårleg kledd for turen.</p>	<p>Det har vore fokus på dette i arbeidet så langt, og fokus på dette skal fortsetje.</p>
<p>Erfaringane frå Trolltunga i Odda kommune kan nyttast på Rallarvegen mtp informasjonsskilt, tydelege meldingar slik som «om klokka er meir enn xxx når du står ved dette skiltet må du vente til i morgon med å ta denne turen» eller liknande.</p>	<p>Kan drøftast i arbeidet med informasjonsskilt</p>
<p>I formidlingsplanen vert det nemnt at ein skal sjå opp for bilar når ein sykklar Rallarvegen, og at ein skal ta omsyn til natur og kulturminne. Det bør også nemnast at ein må visa omsyn til andre syklistar, og gåande langs vegen. Rallarvegen skal formidlast som ei sykkelrute der ein skal ha fokus på å ta seg god tid, det er ikkje staden for treningssykling/hurtigsykling. Delar av Rallarvegen er DNT-løyper, og det er turgåarar langsmed vegen, særleg ved Finse, Hallingskeid og Myrdal. Syklende skal halda seg på høgre side av vegen og ta omsyn til gåande. Rallarvegen bør ikkje reserverast for syklistar.</p>	<p>Ok, dette vert tatt med i tekstdokumentet.</p>
<p><b>Skiltplanen</b></p>	
<p>Rallarvegen er nasjonal sykkelrute nr 4. Arbeidsgruppa bør kontakte Vegdirektoratet v/Marit Espeland (sykkelkoordinator), og Statens Vegvesen. Symbolet for nasjonal sykkelrute bør nyttast i skiltinga på Rallarvegen.</p>	<p>Arbeidsgruppa har vore i kontakt med Statens Vegvesen, men kontaktar Vegdirektoratet om dette punktet.</p>
<p>Dårlig ide å ha skilt som skal tas inn ved sesongslutt. Ein bør gå for solide skilt som kan stå ute heile året.</p>	<p>Ok</p>
<p>Avstandsskilt som berre viser avstand i kilometer kan vera litt unyttig, det er også behov for å få vist kor lang tid det tar å sykle dei ulike avstandane. Ein kan ikkje sykle like fort på Rallarvegen som på andre sykkelveggar.</p>	<p>Dette kan drøftast i arbeidet med avstandsskilta.</p>
<p>I retningslinjene for skilting i forslaget til skiltplan bør kulturminneomsyn vere med som eit eige punkt.</p>	<p>Ok, dette vert endra.</p>
<p>I forslag til skiltplan er det sagt at skilta skal plasserast i «passe høgde», kva er dette? Universell uforming – syn, lesbarhet,</p>	<p>Dette vert sett på i det vidare arbeidet med skiltplanen.</p>

vektlegging av univ.uforming i skiltutforminga bør nemnast. Eit punkt om at det visuelle skal vektleggast, og at det skal vere desto mindre tekst, slik at skilta er meir tilgjengelege for fleire, også til dømes born som ikkje kan lese.	
Varselskilt, her kan ein evt setje inn eit enkelt piktogram av ein person som leier sykkelen der det er særleg utsette parti? Kan ein nytte raud varseltrekant, høyr med SVV? NVE nyttar blå varseltrekant på sine skilt.	Dette vert sett på i det vidare arbeidet med varselskilt
<b>Sesongopning</b>	
Opninga av vegen er det mest presserande for bruken av Rallarvegen. Interesserte tek kontakt for å høyre om opningstid frå april/mai. Dette bør framhevast i formidlingsplanen som ei stor utfordring.	Dette er nemnt i formidlingsplanen som ei utfordring. Arbeidsgruppa ser ikkje noko enkel løysing på dette, sidan det ligg i sakens natur at sesongopninga varierer og er vanskeleg å føreseie. Vi kan ta med ein bodskap i formidlingsplanen om at det til dømes er mogleg å ta toget mellom Finse og Hallingskeid dei første vekene av sykkelsesongen.
Visit Rallarvegen søker dispensasjon frå reguleringsplanen for Finse for åting kvart år eller annakvart år. Legg mykje arbeid i dette. Åting er heilt sentralt for heile Rallarvegen-prosjektet. Vernemyndighetene har, grunna omsyn til villreinen, sett 1. juni som tidspunktet då ein kan starte åtinga. Åting tidlegare enn dette må det søkjast om. Næringsaktørane vil åta tidlegare, og vil ha større fokus på dette. Usemje om ein bør/kan nytte maskin til fjerning av snø.	Problemstillinga med åting og maskinell fjerning av snø har ikkje vore ein del av arbeidet med formidlingsplanen, men problemstillinga med uføreseieleg sesongopning vert nemnt i planen.
<b>Finansiering</b>	
Buskerud fylkeskommune har eit nytt program, «Kulturarvopplevelse 2018», der ein kan søkje om midlar til prosjekt om opplevingar knytt til kultur og kulturarv. Aktuelt for heile Buskerud, ein kan søkje om midlar til tiltak knytt til Rallarvegen, søknadsfristen er 3. juni.	
Vegdirektoratet har ressursar til skilting, kontakt Marit Espeland. Statens Vegvesen kan truleg setje opp skilt ved Haugastøl og på vestsida.	
Folder/brosjyre, næringsaktørane kan bidra til denne? Vatnahalsen, Finse 1222, NSB og Aurland kommune er intr i å ha brosjyren hos seg.	

<b>Deltaking i vidare arbeid med formidlingsplan</b>	
Buskerud fylkeskommune kan gje innspel til tekstar når dei får tilsendt slike.	
Rallarmuseet kan bidra med utarbeiding/forkorting av tekstar til informasjonsskilt.	

Innspel mottekne per e-post i forkant av møtet:

<b>Villrein (Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd)</b>	
Ynskjer at formidlingsplanen fokuserer meir på informasjon om villreinen i området, for å gje besøkande ei forståing av villrein som kulturberar og trong for ivaretaking av dyra sine leveområde. Dette gjeld særleg teksten i brosjyren/folderen. Når det gjeld informasjonsskilt er det ynskjeleg med skilt/anna formidlingstiltak som td ein kopi, som fokuserer på fangstgravene i området, samt informasjon om dagens forvaltning av villrein.	Ok, vi tek med noko meir informasjon om villrein i brosjyren/folderen, og fører opp villrein som eit av temaa som bør inkluderast når ein skal byrje å utarbeide informasjonsskilt (Langsiktig tiltak).
<b>Rallarvegen som nasjonal sykkelrute (Statens Vegvesen)</b>	
Rallarvegen er nasjonal sykkelrute nr 4. Det er truleg uproblematisk for Statens Vegvesen å skilte Rallarvegen som nasjonal sykkelrute, men dei kan komme til å påpeike nokre tilhøve med tanke på sikring av skrentar og sideterreng ved/på bruer.  Skiltinga bør gjerast i begge retningar, og bør vere for både gåande og syklande.	Sikring av Rallarvegen må sjåast i samanheng med Rallarvegen som kulturminne. Det er ynskjeleg at Rallarvegen skal vere så autentisk som råd.  Punktet om skilting vert tatt med i vidare drøfting.

I det vidare arbeidet med formidlingsplanen vil Bane NOR v/Ingunn Halvorsen koordinere arbeidet med folder/brosjyre og tekstar, medan Hordaland fylkeskommune v/Ambjørg Reinsnos koordinerer vidare arbeid med skilting. Ta gjerne direkte kontakt dersom De har innspel til desse sakene!

Ingunn Halvorsen: [ingunn.halvorsen@banenor.no](mailto:ingunn.halvorsen@banenor.no)  
Ambjørg Reinsnos: [ambjorg.reinsnos@hfk.no](mailto:ambjorg.reinsnos@hfk.no)